

Til heimane:

Informasjon om prosjektet

## "Matglede og matmangfald - fiskarbondens arv"

Flem skule har fått tildelt fylkesmidlar i prosjektet "Matglede og matmangfald". Dette gjer at vi kan lage til eit undervisningsopplegg litt utanom det vanlege... Vi har lagt til undertittelen "Fiskarbondens arv" fordi vi vil lære om kva fiskeri og landbruk har hatt å seie for folk på heimstaden vår opp gjennom tidene.

Prosjektet varer i 4 veker frå 15/10 til 8/11.

Hovuddelen av skuletimane vil dreie seg om prosjektet i denne perioden, så både skulearbeid og ein del heimearbeid blir relatert til temaet.

Og så er det alltid slik med prosjekt at "vegen blir til mens ein går"; ikkje alt går an å planlegge i detaljar på førehand, og ikkje alt blir nødvendigvis slik ein har planlagt... Elevane må også få høve til å utforske ting undervegs ut frå eiga interesse. Lokalt stoff som dette står det lite om i lærebøkene; her må vi nytte lokale kjelder i læringa.

**Mål:** Vi vil lære meir om kystkulturen vår, om primærnæringane i fortids- og notidsperspektiv, og om gamle mattradisjonar.

Alle klassene vil vere involvert i prosjektet, men ikkje alle kan lære alt.

Difor har vi fordelt tema på dei ulike årstega:

1/2 årssteg: "Kom skal vi klippe sauene"		
3/4 årssteg: "Havet gir og havet tar"		
5. årssteg: "Jakt og fiske"		
6/7 årssteg: "Jordbruk før og no."		

Alle årstega kjem til å dra på ulike ekskursjonar i nærområdet, og matlaging vil vere aktuelt for alle trinna. Følg godt med på vekplanane, der vil det stå meir om kva som skal skje for kvart årssteg.

Nokre viktige felles datoar:

**Måndag 15/10:** Vi startar prosjektet med "skulens time" der elevane blir introdusert til temaet. "Månadens" musikk/ dikt/ måleri osv. relatert til temaet.

**Torsdag 18/10:** Heile skulen skal til Sunnmøre museum der vi har bestilt eit opplegg spesielt tilpassa det temaet vi skal lære om. (Sjå baksida av arket!)

**Torsdag 8/11:** Foreldrekveld (kl.18-20) med utstillingar/program frå prosjektet og eit kveldsmåltid med tradisjonsmat

**Fredag 9/11:** Avspasering for elevar og lærarar. (SFO blir open frå kl. 8.00)

(Meir informasjon vil kome etterkvart.)

Mvh. Rektor, Flem skule  
(NB! Sjå baksida av arket→)

## Besøk til Sunnmøre museum torsdag 18.oktober 2007

### Praktiske opplysningar:

Alle elevane møter til vanleg tid på skulen kl.8.00. Alle elevane og lærarane skal vere med på turen. Vi skal ta buss frå skulen kl. 9.10. (Ekstra buss er bestilt) Vidare reiser vi med hurtigbåt kl.9.35 frå Austnes til Ålesund og med buss til museet.

Retur med 14.30-båten frå Ålesund. Vi tek vanleg rutebuss frå Austnes kl.15.20. (Den er på Flem skule ca. kl.15.40) Vi reknar med at elevane kan gå av ved heimane sine. *Om nokon skal av andre plassar ber vi dykk gi beskjed.* (SFO blir stengt denne dagen, sidan det ikkje blir elevar ved skulen.)

### Om opplegget på museet:

Sunnmøre museum har satt saman eit program til oss med utgangspunkt i matglede og matmangfald, «Fiskarbondens arv». Det blir 4 ulike stasjonar som elevane roterer mellom:

- ☒ På kaia: knutar, taljer og sløyving av fisk
- ☒ Båthallane: sunnmørsbåten, ein båt i mange størrelser kvar til sitt bruk
- ☒ Skodjestova: ei røykstove, fiskarbondens heim for 300 år sidan, koke fisk og smake på den
- ☒ Dybhuset: eit hus i fiskeribyen, slik bodde dei i Ålesund for 100 år sidan, fiskemat, smaksprøver



Ein legg vekt på at elevane sjølv skal få gjere noko og bruke sansane sine når dei besøker museet. Derfor blir det lagt opp til ulike aktiviteter. Elevane blir delt i 4 grupper med 10-13 elevar i kvar gruppe. Under finn dykk tidsplan for besøket:

	<i>På kaia</i>	<i>Båthallane</i>	<i>Skodjestova</i>	<i>Dybhuset</i>
11.00-11.30	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 4
11.30-12.00	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 4	Gruppe 1
12.00-12.30	Matpause	Matpause	Matpause	Matpause
12.30-13.00	Gruppe 3	Gruppe 4	Gruppe 1	Gruppe 2
13.00-13.30	Gruppe 4	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3

### Ta med:

Ein liten tursekk med: "Stor matpakke" og drikke. (nok til to måltid)

Ta på godt med klede! **Dei aller fleste aktivitetane må ein regne som «utandørs», så kle godt på dykk og ha gode sko/støvlar.**

(P.S. Ingen av elevane skal ha med seg pengar)

Då ser vi fram til ein lærerik dag!

Vh. Rektor og lærarar v/ Flem skule  
(Mobil Tanja: 41401196)